



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tormod Meisingset, 71 25 84 04

Uttale - Nye Tussa kraftverk - detaljplan for miljø og landskap

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.



Bakgrunn

Frå høyringsbrevet går det fram at «Nye Tussa kraftverk skal ligge på Bjørke inst i Hjørundfjorden i Volda kommune. Kraftverket skal byggjast parallelt med eksisterande Tussa kraftverk, med inntak i Tyssevatnet, ny vassveg i fjell og ny kraftstasjon i fjell. Det skal byggjast ein køyrbar veg opp til Tyssevatnet frå eksisterande traktorveg. Om lag halvvegs vert det bygd køyretunell før vegen går i dagen det siste stykke opp til dam Tyssevatnet. I samband med bygginga av det nye kraftverket planlegg Tussa òg rehabilitering av den eksisterande dammen for å oppfylle krava etter damsikkerheitsforskrifta. Detaljplanen syner anleggsområda, og kva permanente og mellombelse inngrep prosjektet vil føre med seg. Prosjektet planlegg oppstart hausten 2026.»

NVE ønskjer tilbakemelding på arealbruk, utføring og avbøtande tiltak som er skildra i detaljplanen. Statsforvaltaren er takksam for at vi fekk utsett frist til 27.mai.

Statsforvaltaren si vurdering

- Midlertidige anleggsområde bør fotodokumentarast før oppstart slik at tilbakeføring og revegetering blir så likt opprinneleg naturtilstand som mogleg.
- Feltkartlegging vart gjennomført 2. oktober 2024. Ut i frå at dette er forholdsvis seint på året, ber vi NVE vurdere å påleggje konsesjonæren og gjennomføre ein supplerande naturtype/tilleggsskartlegging for tiltaksområda. Ut i frå vedlagte kart (figur 8 og 10) i «Befaringsnotat frå Tussa kraftverk» av Norconsult, er vi usikre på om areala på mellombels riggområde R2 og R3 faktisk er kartlagt. Statsforvaltaren ønskjer tilbakemelding på dette.



- Det er ønskeleg med bruk av ekstern fagperson med kompetanse innen hydromorfologi ved endring av bekkeløp. Kantvegetasjonen må ivareta og i tilfelle reetablerast der denne vert fjerna. Både endring av bekkeløp og fjerning av kantvegetasjon er søknadspliktige tiltak som skal handsamast av Statsforvaltaren. Kulvertar og røyr må anleggjast slik at dei ikkje vert eit vandringshinder for vasslevande organismar.
- Innafor planområde er det registrert framande artar med stor spreingspotensiale. Det viktigaste tiltaket er å forhindre vidare spreing, og vi forventar at tiltakshavar har stort fokus på dette i sin internkontroll.

- Det er positivt at gamle inngrep i landskapet etter forrige utbygging skal restaurerast og istandsettast, og vi forventar at nye mellombelse område også vert tilbakeført mest mogleg likt opprinneleg naturtilstand.
- Om mogleg, så ønskjer Statsforvaltaren å delta som observatør når NVE skal gjennomføre tilsyn med prosjektet.

Med helsing

xxxxxxxxxxx (e.f.)
xxxxxxxxx-plansamordning

Tormod Meisingset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 2500

6404

MOLDE